



Uskedalingane Aleksander Rebaudo og Endre Børve (Foto; Mona Grønningen)

Dei som var på premieren på årets russerevy torsdag, fekk ein god time med variert og koseleg underhaldning. Dei som ikkje var der, kan få ein flott start på laurdagskvelden dersom dei møter i Husnes kulturhus lørdag kl.19. Då vert nemleg den andre og siste førestellinga av denne revyen sett opp.



Salen i kulturhuset var fullsett, og publikum fekk oppleve 19 ulike nummer av ensemblet som bestod av 34 russ, i tillegg til dei 3 i orkesteret.

Det var stor variasjon i nummera. Her fekk publikum sjølvsagt oppleve dans og sketsjar, song, parodiar og gode video-snuttar. Så langt eg kunne sjå var innslaga sjølvskrivne, og den ungdommelege kreativiteten kom verkeleg til syne.

Det heile var sett godt saman, flyten var god, og resultatet vart god revyunderhaldning. Stemninga i salen fortalde tydeleg at publikum kosa seg!

Sju uskedelingar var med og gav publikum denne moroa.

Det var Aleksander Rebaudo, Monica S.Kårstad, Benjamin Taranger, Ellen Karin Moen, Ingvill T. Sture, Karsten Tungesvik og Endre Børve (som m.a. parodierte far sin, Politimester Børve).

Alle kom godt frå sine oppgåver. Likevel er det grunn til å trekkje fram Aleksander. Frå før kjenner vi han som ein framifrå songar og videoprodusent. Dette viste han og i revyen.

I tillegg viste han stort skodespelartalent mellom anna med framifrå parodiar.

Aktørane gav blomster til gode hjelparar, medan rektor Audun Bjelland takka og rosa elevane og overrekte blomster til revysjefane Malin F. Mæland og Oda V. Bjørgvik.

Dei to skal nok ha ein stor del av æra for den fine stunda publikum fekk

Av Thor Inge Døssland